

Attgløynde kle på kunstgrasbanen.

31.07.2016



Borna og foreldra vert oppmoda om å henta attgløynde kle på kunstgrasbanen.

Det er frå tid til anna mykje attgløynde kle på den nye kunstgrasbanen. Kostbare kle ligg på benkene og i grusen. Ein tur på banen i dag syner våte og skitne kle for fleire tusen kroner. Prosjektgruppa bak Gull av grus er merksam på problemet.

Johannes Hjørnevåg oppmodar foreldra om å ta ansvar for at attgløynde kle vert henta. Om ikkje må ein koma fram til eit system for lagring og henting. I dag ligg kleda langs kantane, ofte i grusen. Ein tur på banen i dag der vi samla kleda og la dei på ein benk, syner noko av det vi fann og som bør hentast. Her er mellom anna allversjake, treningstøy, fleecjakke, hanskar, luer og teskjorter.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal